



Arkivnr: 2014/18655-3

Saksbehandlar: Sølve Dag Sondbø

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.09.2015

Regional plan for vassregion Rogaland - utsending på 2. gongs høyring

Samandrag

Den regionale planen for vassregion Rogaland er ein plan etter vassforskrifta. Delar av kommunane Odda, Etne ligg i vassregion Rogaland og planen handsamast derfor politisk også i Hordaland fylkeskommune før høyring.

Dei viktigaste endringane i dei reviderte plandokumenta er konkrete miljømål for 280 sterkt modifiserte vassførekomstar, tydelegare prioriteringar, prioritering av konkrete vassdrag i kvart vassområde, meir fokus på brukarinteresser og konkretisering av noen brukarmål og bruk av indikatorarter. I tillegg er det nå utarbeida framlegg til Handlingsprogram 2016 – 2018.

For Hordaland er den viktigaste endringa frå 1. planframlegg at vassførekomstar i Røldalsvassdraget har fått konkretisert miljømål.

Forslag til vedtak

1. Etter plan- og bygningsloven § 8-3, legger fylkesutvalet Regional plan for vannforvaltning i vannregion Rogaland 2016 – 2021, med regionalt tiltaksprogram ut på 2. gongs høyring og offentlig ettersyn.
2. Etter plan- og bygningsloven § 8-3, legger fylkesutvalet Handlingsprogram 2016 – 2018 ut på høyring og offentlig ettersyn.
3. Høyringsperioden er frå og med 2. september og til og med 16. oktober 2015.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann


Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.
Vedlegg

1. Høringsforslag for 2. gangs høring, Regional plan for vannforvaltning i vannregion Rogaland 2016 - 2021
2. Høringsforslag for 2. gangs høring, Regionalt tiltaksprogram for vannregion Rogaland 2016 – 2021
3. Høringsforslag, Handlingsprogram 2016 – 2018 – Regional plan for vannforvaltning for vannregion Rogaland 2016 – 2021

Fylkesrådmannen, 02.09.2015

Vassdirektivet er eit rammedirektiv som EU gjorde gjeldande 22. desember 2000. Vassdirektivet vart gjort til ein del av EØS-avtalen i 2007 og legg rammer for all vassressursforvaltning i EØS-området. For å følge opp direktivet vedtok Noreg i 2007 «Forskrift om rammer for vannforvaltningen» (Vassforskrifta) som er heimla i forureiningslova, plan- og bygningslova og vassressurslova. Denne forskrifta gjev føringar for korleis Noreg skal gjennomføre arbeidet med heilskapleg vassforvaltning. Det skal lagast regionale planar med tilhøyrande regionale tiltaksprogram for kvar av dei 11 vassregionane i Noreg. Grensene for vassregion Hordaland følgjer i hovudsak fylkesgrensene, men med nokre unntak. Vassregion Rogaland har areal i Odda, Etne og Sveio. Fylkesutvalet som regional planmyndigheit, må derfor godkjenne plandokumenta. Den største delen av Hordaland i Rogaland vassregion er Røldalsvassdraget i Odda kommune.



Figur 1 Inndelinga av vassregion Rogaland (svart strek) har avvik frå fylkesgrensa (raud strek)

Planen for Vassregion Rogaland har to tiltak som gjeld Hordaland sitt areal:

- 1) Problemkartlegging i Viksefjorden med nedbørfelt Sveio og Haugesund. Formålet med problemkartlegging i for Viksefjorden er å finne kjelder til belastning og moglege tiltak.
- 2) Røldalsvassdraget, Odda. Prioritert for vilkårsrevisjon av kraftkonsesjon (inkludert naudsynt problemkartlegging og kost-nytte vurdering)

Regional plan og regionalt tiltaksprogram for vassforvaltning for Rogaland vassregion var på høyring 1. juli – 31. desember 2014. Det kom 65 fråsegn. Endringane som det no er framlegg om inneberer at det er behov for å sende plandokumenta ut på 2. gongs høyring. Det ble gjort vedtak om å sende plandokumenta på høyring av Fylkesutvalet i Rogaland fylkeskommune i møte 1. september 2015. Delar av kommunane Odda, Etne ligg i vassregion Rogaland og planen handsamast derfor politisk også i Hordaland fylkeskommune før høyring. Pga stram tidsplan har Rogaland fylkeskommune sendt plandokumenta på høyring med atterhald om vedtak i Hordaland fylkesutval for areala av planen som er ein del av Hordaland.

Fylkesrådmannens vurdering:

Planarbeidet er gjennomført i samsvar med og etter tidsplanen i planprogrammet og byggjer på eit godt kunnskapsgrunnlag. Planen er i samsvar med krava i vassforskrifta og plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan for vassregionen. Fylkesrådmannen rår til at forslaget til Regional plan vassregion Rogaland og tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram vert lagt ut på høyring.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om same ordlyd på vedtaket som fylkesutvalet i Rogaland fylkeskommune vedtok i møte 1. september.